

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtested:** E-postbehandling, tilleggssaker som var førebels drøfta i styremøte 21.06.19.  
**Dato:** 25.06.2019  
**Tidspunkt:**

---

Ber om svar snarast ved e-post til underteikna.

Dersom nokon har spørsmål, ta kontakt på tlf. 94880564

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 28/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Relestasjon for tilrettelegging av breiband ved Gjendebu - DNT Oslo og Omegn		2019/13508
ST 29/2019	Utladalen LVO - Dispensasjon - 2019 - Antenne for tilrettelegging av breiband ved Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn		2019/13509
ST 30/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS		2019/13160
ST 31/2019	Utladalen LVO - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone i forbindelse med film og foto til internasjonal markedsføring - Mountains of Norway SA		2019/13120

Arkivsaksnummer:	2019/13508-3	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	21.06.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	28/2019	25.06.2019

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Relestrasjon for tilrettelegging av breiband for Gjendebu - DNT Oslo og Omegn

### Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 b) løyve til utplassering av flyttbar relestrasjon bestående av antenne, batteri og solcellepanel på lokalitet i fjellsida sør for Gjende, der ein kan få stabil dekning for breiband til Gjendebu. Anlegget kan også utvide strekninga med nettilgang på ruta for Gjendebåten.

Installasjonen skal plasserast slik at den blir mest mogleg skjerma mot innsyn frå Gjende.

Om mogleg skal ein unngå fastbolting, i alle fall første sesongen i 2019, til ein får sett om plasseringa er vellykka – både funksjonelt og landskapsmessig. Eventuelle avbøtande tiltak kan bli vurdert seinare, i tilfelle installasjonen blir opplevd som lett synleg og skjemma.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad ved e-post av 20. juni 2019 frå Gjendebu Turisthytte  
Ettersending av tilleggsdokumentasjon seinare på dagen 20.06.19, vedlagt kartmateriell

### Saksopplysningar

Gjendebu turisthytte har sendt følgjande søknad:

«Viser til samtaler tidlegare.

*I fjor haust fann eg en signalrefleks som gav brukbar 4G-dekning på Gjendebu. Denne var ustabil og no er det signalet borte. Vi er heilt avhengige av å ha eit effektivt breiband. Vi brukar satellittnett no, men det har så stor signalforsinkelse at det er ubrukbart til det nye kasse/bookingsystemet som no blir installert på alle DNT-Oslohytter.*

*Vi må derfor be om løyve til å sette ein relestrasjon (link) på sørsida av Gjende om lag vis-a-vis Memurubu. Omtrenteleg plassering er vist på kartutsnitt. Det er ein stad som er lite rasutsatt og der det aldri går folk. Staden ligg i Vågå kommune.*


*Utstyret består av ei kasse med elektronikk og to batteri. Oppe på denne blir det ei stang med ei lita antenne og et solcellepanel. Eg forutset at alt utstyret blir kamo-farga på den sida som vender ut mot vatnet/Memurubu. Vi vil også prøve å finne en lokasjon der det er litt bjørkekratt som yttarlegare kan skjule stasjonen. Alt i alt er det snakk om mindre enn 100 kg utstyr. Eg har dessverre ikkje lykkast med å få tak i skisse eller bilde av det.*

*Utenom sommarsesongen / båtsesongen vil alt utstyret bli henta inn, det er såleis ikkje snakk om en permanent installasjon. Det må festast slik at det står stabilt, men om det er muleg prøver vi å bruke stein til dette, slik at boltfester kan unngåast.*

*Eit nytt moment har kome til, det er at også Gjendebåtane vil benytte dette utstyret. Når dei passerer «Vinkjellaren» eit par kilometer vest for Memurubu har dei ikkje lenger samband, utenom VHF. For dei vil tilgang til 4G bety både auka tryggleik og at dei kan bruke betalingsterminal på heile strekka til og frå Gjendebu. Proel i Vågå vil utføre arbeidet i samarbeid med folk frå Gjendebåten. Det vil venteleg bli to-tre turar med småbåt til og frå Gjendesheim i forbindelse med etableringa av stasjonen.*

*Ei viktig tilleggsopplysning er at desse signala kun vil føre data, det blir ingen vanleg telefondekning på Gjendebu. Det vil nok komme ein formell søknad om dette tiltaket frå DNT Oslo. Eg håpar imidlertid at de vil sjå med velvilje og forståelse på dette, og at vi kanskje kan få et administrativt klarsignal slik at vi kan starte finplanlegging og bestilling av spesialutstyret. Slik tida er no er vi faktisk heilt avhengige av å ha ein nett-tilgang på 4G-nivå for å kunne drive Gjendebu i høgsesong, og inntil SpaceX får i drift sine lågbanesatellittar er Telenor sitt bakkenett vår einaste mulegheit. Eg ser fram til ei snarleg tilbakemelding på korleis nasjonalparkstyresmaktene og grunneigar vurderer tiltaket.»*

Den ettersende kartskissa og biletet viser kvar installasjonen er tenkt plassert:



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

### Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.

Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til nærare definerte tiltak:

- b) Oppføring av nye bygningar og innretingar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.»*

## Forvaltningsplan (rettleiande utkast frå 2008)



Området på sørsida av Gjende ligg i sone utan tilrettelegging, teig 1. Sørsida av Gjende vender seg mot det svært mykje brukte området i brukssonen nord for Gjende. Terrenget her er bratt og dramatisk og lite tilgjengeleg for folk flest.

Utdrag av forvaltningsplanutkastet, omtale av sonen:

### «6.3.1. Vernesone

«I denne sona er det store samanhengjande område med tilnærma urørt natur. Målet er å unngå meir tilrettelegging og nye inngrep i desse områda. - - - Det er svært få merkte stiar i denne sona.

### **Overordna strategi for sona:**

Ressursane urørt natur, ro og stillheit skal prioriterast. Nye tiltak og inngrep skal i utgangspunktet ikkje skje. Løyve til tilrettelegging kan berre gjevast unntaksvis og i svært spesielle tilfelle når dette vil fremje verdiane knytt til urørt natur, ro og stillheit.»

## Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

## Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til tiltak som er nødvendige for drift av eksisterande turisthytter. Det vil ikkje oppstå mange tilsvarande saker, da det er eit avgrensa tal bedrifter.

## Vurdering

Ny teknologi skaper nye behov, og det er vanskeleg å drive turistbedrift utan fungerande opplegg for booking via nettet. Det er som kjent denne nettbooking dei aller fleste gjestene vil nytte, og DNT Oslo og omegn søker om nødvendige tilrettelegging både for Gjendebu og Skogadalsbøen. Tiltaket blir vurdert å vera blant «innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter» - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 b).

Det er ikkje internetttilgang som gjer det mogleg å plassere installasjonen i nærleiken av bedrifta. Gjendebu har behov for ein frittliggande installasjon der dei kan oppnå stabilt internett. Dei har først prøvd å finne ein plass på nordsida av Gjende, men dei oppnår ikkje stabil dekning utan å få lagt ein mellombels installasjon på sørsida av Gjende, oppe i fjellsida rett overfor Memurubu. Sjå kart og bilete som fylgde søknaden. Dette er i den strengaste sonen i forvaltningsplanen, men forsøk på å lokalisere det i gul sone på nordsida viste at det ikkje var stabil dekning der. Sørsida er dermed einaste alternativ med dagens teknologi, og sidan det er eit mobilt anlegg, kan ein likevel akseptere plasseringa på sørsida.

### Vurdering etter naturmangfaldlova:

Det er god kunnskap om området, og det er ikkje kjende sårbare artar som vil bli råka av tilrettelegginga (nml § 8). Førre-var-prinsippet og økosystem/samla belastning synest ikkje vera relevant. Installasjonen blir i første omgang prøvd forankra med stein, og i søknaden er det vist til at dei truleg ikkje vil behøve boltar i fjellet (nml § 12). Nml § 11 er ikkje relevant. Installasjonen får ikkje innverknad på naturmangfaldet, og i svært liten grad på landskapet.

Motorferdsel: Oppsetting og inntaking av nødvendig utstyr vert vurdert å vera ein del av drifta av Gjendebu Turisthytte. Bruk av båttransport på Gjende for å utføre tiltaket blir vurdert å vera dekt av det fleirårige motorferdselløyyet for DNT Oslo og Omegn, pkt. 1.1 og 2.2.

### **Konklusjon**

Tiltaket vil kunne få ein liten innverknad på landskapet, men som det går fram av søknaden så vil dei leggje utstyret mest mogleg skjerma mot innsyn. Det er ein flyttbar installasjon som skal takast inn ved sesongslutt. Dersom den skulle bli opplevd som skjemmaende på noko vis, er det mogleg å prøve å tilpasse ytterlegare med detaljplassering eller skjerming seinare.

For sesongen 2019 kan installasjonen plasserast slik det er søkt om. Eventuelle avbøtande tiltak kan vurderast på ny seinare, i tilfelle installasjonen blir opplevd som lett synleg og skjemmaende. Det er positivt at anlegget også kan fylle behov for Gjendebåten, slik at ein ikkje får fleire installasjonar enn nødvendig.



Arkivsaksnummer:	2019/13509-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	21.06.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	29/2019	25.06.2019

## Utladalen LVO - Dispensasjon - 2019 - Relestrasjon for tilrettelegging av breiband ved Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn

### Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 b) løyve til utplassering av antenne på lokalitet ovafor steinselet, for å få stabil dekning for breiband til Skogadalsbøen. Det blir gjeve løyve til nedgraving av straumkabel fram til antenne, eventuelt plassering av solcellepanel ved sida av.

Installasjonen skal plasserast slik at den blir best mogleg tilpassa landskapet. Nedgraving av kabel for straum skal utførast slik at det blir minst mogleg synleg. Torva skal fjernast med stikkspade og leggjast tilbake over grøfta.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka


Dokument frå DNT Oslo og Omegn datert 17.06.19, overlevert ved synfaring på Skogadalsbøen 17. juni.

### Saksopplysningar

DNT Oslo og omegn søker om dispensasjon for etablering av tilfredsstillande nettilgang for booking på Skogadalsbøen. Praktisk tilrettelegging er beskrive slik:

Det vi i praksis gjør er å grave ned en tynn kabel som fører både strøm og signaler. Nedgraving kan utføre med stikkspade og så setter vi opp en antenne på en skiltstolpe eller noe slikt. Den antenne vi bruker mest er 15 x 15 cm men det finnes også en på litt over 30 cm i diameter. Alternativt settes opp en solcellepanel som lader et batteri som settes i en kasse ved siden av. Det fungerer greit, men kan være litt mer utsatt for utfall.

Planlagt plassering vart vist av Anders Gjeremo frå DNT under synfaring 17. juni. Ei stang med antenne er tenkt plassert på den vesle haugen rett ovafor steinselet. Sjå oversiktsfoto med pil mot haugen, og steinselet med haugen bak, sett frå tunet ved turisthytta:



# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

## Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.  
Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til nærare definerte tiltak:  
*b) Oppføring av mindre bygningar og innretingar som er naudsynte for drift av turisthytter i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplan.»*

## Forvaltningsplan (rettleiande utkast frå 2008)



Skogadalsbøen ligg i brukssone, teig 10.

Utdrag av forvaltningsplanutkastet, omtale av sonen:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

## Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

## Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til tiltak som er nødvendige for drift av eksisterande turisthytter. Det vil ikkje oppstå mange tilsvarande saker, da det er eit avgrensa tal bedrifter.

## Vurdering

Ny teknologi skaper nye behov, og det er vanskeleg å drive turistbedrift utan fungerande opplegg for booking via nettet. Det er som kjent denne nettbooking dei aller fleste gjestene vil nytte, og DNT Oslo og omegn søker om nødvendige tilrettelegging både for Skogadalsbøen og Gjendebu. Tiltaket blir vurdert å vera blant «*innretingar som er naudsynte for drift av turisthytter*» - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 b).

Plasseringa på haugen bak steinselet vil gje tilfredsstillande dekning. Dette er i nærområdet til turisthytta, der landskapet allereie er prega av bygningar og tilhøyrande installasjonar. Det veks fjellbjørk på haugen, slik at trea vil bidra til å skjerme installasjonen.

### Vurdering etter naturmangfaldlova:

Det er god kunnskap om området, og det er ikkje kjende sårbare artar som vil bli råka av tilrettelegginga (nml § 8). Førre-var-prinsippet og økosystem/samla belastning synest ikkje vera relevant. Grøfta for framføring av straumkabel er tenkt grave manuelt. Ved å bruke stikkspade



og leggje torva tilbake over grøfta vil tiltaket verta lite synleg, og lokale planter blir bevart (nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder). Nml § 11 er ikkje relevant. Installasjonen får ikkje innverknad på naturmangfaldet, og i svært liten grad på landskapet.

Motorferdsel: Frakt av utstyret blir vurdert å vera dekt av det fleirårige motorferdselløyvet for DNT Oslo og Omegn, pkt. 1.1 og 2.4, da det kan takast med ved ordinær varetransport inn .

### **Konklusjon**

Tiltaket vil gje ein liten innverknad på landskapet, men er nødvendig for dagens drift. Som det går fram av søknaden, så vil dei leggje vekt på å gjera inngrepet minst mogleg synleg.

Arkivsaksnummer:	2019/13160-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	24.06.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	30/2019	25.06.2019

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, får Nordisk Film TV AS dispensasjon for bruk av drone for produksjon av TV-programmet *71°nord – Norges Tøffeste Kjendis* i 2019.

Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

1. Filminga med drone kan skje i løpet av dei 2 omsøkte dagane hausten 2019, innanfor teig 8 i forvaltningsplanen (detaljar om rute og dato er unnateke offentlegheit, av omsyn til programmet og sikkerheit under opptak)
2. Flyging nær dyr eller fugl skal unngås. Dersom det dukkar opp rovfugl eller andre sårbare artar, må dronen takast ned og vente med vidare opptak til fuglane har trekt unna.
3. Det skal haldast god avstand til eventuelle turfolk som er i området, og ein må unngå filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand.
4. Flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedag og ikkje i helg.
5. SNO v/ Rigmor Solem skal varslast om dato seinast dagen før flyging, via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
6. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere opptaksområde og/eller tidsrom, må spørsmålet avklarast med nasjonalparkforvaltar i god tid før flyging.
7. Filmen skal ikkje sette fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone el.l., men berre vise sjølve turen. Dette for å unngå å skape inntrykk av at det er fritt fram for å bruke denne typen hjelpemiddel i nasjonalparken
8. Løyvet skal takast med under oppdraget og skal kunne visast fram ved ev. kontroll.
9. Ein enkel rapport /e-post om gjennomføring skal sendast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter gjennomføring, og seinast 1. desember 2019.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad av 17.06.17 frå Nordisk Film & TV AS

### Saksopplysningar

Nordisk Film & TV AS søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen for filmopptak for TV-programmet *71°nord – Norges Tøffeste Kjendis* i 2019. Utdrag av søknad

«Søknad om filming med drone Smørstabbtindan:

Henvender til mail datert 05.06.19 fra Kari Sveen, nasjonalparkforvalter hos Fylkesmannen i Innlandet angående dispensasjon for bruk av drone på Smørstabbtindan. Opprinnelig var

*søknaden tenkt for dispensasjon for Store Austabotntind. Dette har vi gått bort ifra med tanke på at Store Austabotntind ligger innenfor teig 4 hvor vi har blitt frarådet å skape større ferdsel. Program 7 av årets sesong er en etappe over Smørstabbreen og opp på fleire topper på Smørstabbtindane.» - - (detaljopplysningar og rute og datoar er her teke ut, da det av omsyn til programmet og behov for sikkerheit under opptaka er bede om skjerming av opplysningar) « - - -fokuset i programmet vil være den spektakulære turen. Det kommer ikke til å være fokus på tekniske løysningar for å få gjort opptak av turen. Etappen vil ikke kreve rigg som etterlater seg spor frå verken folk eller teknisk utstyr. - - -*

*Etappen vil bli dekket inn av fotografer med håndholdt kamera som følger deltagerne. Disse fotografene opererer også dronen vi har med oss på tur. For at dronen skal bli brukt blir fotografen nødt til å legge fra seg det håndholdte kamera for å bruke dronen. Det er derfor ikke behov for en ekstra dronefotograf for å gjennomføre opptaket.*

*Dronen er av typen DJI Mavic 2 Pro. Dronen har en vekt på 907 gram og er 322x242x84 mm (lengde x bredde x høyde) i dimensjoner. Vekten på dronen vil ikke gi noen avtrykk eller merker i naturen. Dronen avgir en gjennomsnittlig støy på 74.3 dB når den letter ved siden av fotografen med en avstand på 4 meter. Til sammenligning avgir en bensinbil som står på tomgang ca. 95 dB på samme avstand. Grunnstøyen et menneske hører ligger på mellom 15-20 dB. Batteritiden på dronen er 30 minutter. Det vil si at dronen kan brukes 6 ganger i løpet av turen hvis vi regner at dronen er i luften 2 minutter av gangen og bruker 3 minutter til oppstart, lette, posisjonering og landing. Dronen er alltid innenfor synets rekkevidde og det vil kun være én drone i luften av gangen.*

*Deltagere og crew i 71° nord har stor forståelse for at dyre- og planteliv. Ingen flygning i nærheten av dyr, hekkeplasser eller hi skal forekomme. Flyvningen vil skje på en ukedag for å unngå sjenanse ovenfor eventuelle andre turgåere som ferdes i området. Ingen unødvendig flygning av drone som ikke er sentralt for gjennomføringen av programmet vil skje.*

*Forsøpling er et stort problem i norsk natur. Vi har alltid fokus på ren natur og sporløs ferdsel i våre programmer. Både deltakere og crew har fokus på å rydde de områdene vi befinner oss i.»*

## **Heimelsgrunnlag**

### **Delegering**

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til nasjonalparkforvaltar å gjera vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane og i saker etter nml § 48 med etablert forvaltningspraksis. Filming til ulike typar TV-program er vanskeleg å sortere i kurante/ukurante saker, og det kjem nokså mange slike søknader i løpet av eit år. Saka blir derfor lagt fram for styret.


### **Verneformål – forskrift**

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken (§ 3 pkt. 7.2 om støy). Det er tolka at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

### **Forvaltningsplan**

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i

verneforskrifta ved revisjonen i 2014. Forvaltningsplanen deler inn verneområdet i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrtra. Soneinndelinga gjeld både i høve til tekniske inngrep og ulike aktivitetar, som bruk av dronar. Opptaksområdet ligg i såkalla «brukssone», *Teig 8: Smørstabbre-området*. Om desse sonene står m.a.: «Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.» Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen, med grønne teigar som skjerma:



## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn, og tilrettelegging for verdiskaping er ei sentral føring. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av nasjonalparken er «- - - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

## Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, så det er svært viktig å ha ei grundig vurdering av presedensverknaden. Det er innvilga løyve for kommersiell filming for ein del tilfelle innan dei såkalla «brukssonene» i forvaltningsplanen, der ein ser at verken sjølve filminga eller effekten av å marknadsføre området blir vurdert å koma i direkte konflikt med dei naturfaglege verneverdiane. Men også i desse områda er dei viktig å bevare verdien av å oppleve det enkle

friluftslivet utan forstyrrende element, og det er ein fare for at ein på sikt får så mange unntak at det vil uthole forbodet som er tydeleg uttrykt i den reviderte verneforskrifta frå 2014. Likebehandlingsprinsippet gjer at det kan bli vanskeleg å sortere mellom dei ulike aktørane som ønskjer å filme innan område som i utgangspunktet er vurdert å vera robuste nok til at dei kan marknadsførast. Det er siste åra behandla mange dronesøknader i Jotunheimen, og fleire er innvilga – med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Fleire søknadar om bruk av drone i sårbare område har fått avslag. Det er i tidlegare saker behandla av styret / arbeidsutvalet opna for avgrensa bruk av drone for filming/fotografering med formål felles marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet, i regi av reiselivsselskapa. Det er i desse sakene vektlagt om dei aktuelle områda toler marknadsføring, og det er sett tydeleg skilje mellom dei skjerma/sårbare grøne sonene og dei meir robuste områda vist med gult i forvaltningsplanen. For å avgrense bruken, blir det normalt ikkje gjeve løyve til enkeltbedrifter.

Det er i tillegg relativt mange søknadar om dronofilming til ulike typar TV-program, og det er svært vanskeleg å skilje mellom desse. Enkelte program med fokus på natur og/eller enkelt friluftsliv som kan utøvast i nasjonalparken har fått løyve, så lenge det skjer innan område som toler marknadsføring og til tidsrom som ikkje går ut over sårbare artar. Temaet filmar og TV-program må vurderast særskild ved den pågåande revisjonen av forvaltningsplanen

## Vurdering

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk så lenge opptaka skjer i god avstand frå folk og dyr/fuglar. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare artar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. Området rundt Smørstabbtindane er ikkje blant dei mest sårbare i høve til fugle- og dyreliv, og opptaksperioden er lagt til hausten – altså utanom yngletid for vilt og hekkesesong for fugl. Søknadar om bruk av drone for kommersiell filming i sårbare område som t.d. Hurrungane har fått avslag. Nasjonalparkstyret har på den andre sida innvilga nokre løyve til bruk av drone for filming i samband med marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet, men det vil alltid vera ei skjønsmessig vurdering av kva type program og kor mange dispensasjonar ein skal opne for. Programmet 71°Nord har fått dispensasjon nokre gonger tidlegare (Sak AU-8/2017 til Galdhøpiggen, sak 48/2017 i Utladalen, sak 7/2018 i Utladalen og delegert vedtak 03.07.2018 til Galdhøpiggen). Dette illustrerer at berre dette eine programkonseptet søkjer dispensasjon opp til to gonger årleg, men det har klar samanheng med ønsket om spektakulær natur og fysiske utfordringar – noko som gjer dei mange høge toppane i Jotunheimen særleg attraktive.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Smørstabbtindane har ganske mange besøkande, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i lite trafikkerte område. Det er likevel svært viktig å vise respekt for andre som ferdist i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. I tidlegare dispensasjonssaker har ein lagt til grunn at bruk av dronar og motoriserte hjelpemiddel skal leggjast utanom helgene av omsyn til andre brukarar. Det er ikkje søkt om filming på helgedag

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området rundt Smørstabbtindane, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til fugl eller vilt som måtte finnast i området. Filminga skjer på hausten, og er utanom hekkesesong. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det likevel



viktig å ta ned dronen ved observasjon av rovfugl. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

### Konklusjon

Argument som talar for dispensasjon er at programmet har stor marknadsføringsverdi, og dette kan vera positivt for det naturbaserte reiselivet i området. Filming skjer i eit område der aktiviteten vil ikkje gå ut over naturfaglege verneverdiar, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Eit eventuelt løyve må ha vilkår om at filmen ikkje set fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone el.l., men berre viser sjølve turen. Dette for å unngå å skape inntrykk av at det er fritt fram for å bruke denne typen hjelpemiddel i nasjonalparken.

Argument som talar mot er presedensverknad. Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar til filmopptak for TV-program i nasjonalparken, med særleg vekt på presedens, i det pågåande arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen. Dispensasjon kan ikkje gjevast for tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål.

Arkivsaksnummer:	2019/13120-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	24.06.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	31/2019	25.06.2019

## Utladalen LVO - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone i forbindelse med film og foto til internasjonal markedsføring - Mountains of Norway SA

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlovas § 48, jf. § 4 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde, får Mountain of Norway, dispensasjon for bruk av drone i samband med filming på strekninga langs Folkevegen frå Hjelle til Vetti gard.

Dispensasjonen gjeld for 1 dag innan tidsrommet frå juni til 17. juli 2019 med følgjande vilkår:

1. Flyging nær dyr eller fugl skal unngås. Ved eventuell observasjon av rovfugl må dronen takast ned og filminga utsettast.
2. Det skal haldast god avstand til eventuelle turfolk som er i området, og ein må unngå filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand.
3. Av omsyn til friluftslivet skal opptak leggest til vekedagar og ikkje til helg.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal varslast om dato seinast dagen før gjennomføring av oppdraget (e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158).
5. Løyvet skal takast med under oppdraget og skal kunne visast fram ved ev. kontroll.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad av 11.06.19, journalført i postmottak 18.06.2019.

### Saksopplysningar

Mountains of Norway søker om dispensasjon frå § 3 pkt. 7.3 i verneforskrifta for å fly drone i eit avgrensa tidsrom innanfor Utladalen landskapsvernområde.

Utdrag av søknaden:

*«Mountains of Norway er et samarbeid mellom Nasjonalparkriket, Visit Valdres og Visit Geilo og har som formål å styrke fjellregionen gjennom markedsføring og salgsutløsende tiltak mot det internasjonale markedet. I den anledning skal Mountains of Norway samarbeide med Scanout om foto-, og videoopptak i Utladalen landskapsvernområde. Vi ønsker å gå deler av strekningen mellom Hjelle og Vetti gard.*

*Vi ønsker å benytte drone på deler av turen for å få unike oversiktsbilder av regionens natur-og kulturlandskap. - - -*

### Tidsrom:

*Flytid er begrenset da det i hovedsak skal innhentes foto fra bakkenivå. Antatt flytid per dag er maksimalt 30 min. Tidsrommet er over én (1) dag i perioden 17. juni - 17. juli 2019. Nøyaktig tidspunkt er per nå vanskelig å spesifisere pga eksterne faktorer som værforhold. Søker vil informere om mer nøyaktig tidsperiode så fort dette er fastsatt. Vi ønsker å*

gjennomføre opptakene så raskt som mulig, før ferietid og høysesong i Utladalen, for å for å unngå i størst mulig grad å forstyrre besøkende i området.

**Type:**

Fotografer fra Scandinavian Outdoor AS (Scanout) vil stå for foto, og har nødvendige sertifikater for bruk av dronen. Dronen er i kategori 1 (den minste typen blant de kommersielle dronene.)

**Formål:**

Begrenset droneflygning for film-og fotoopptak med internasjonal eksponering av regionens natur og kulturhistorie.

**Område:**

Fjellområdet i Utladalen landskapsvernområde. Vi følger den stengte gårdsveien (Folkevegen) fra Hjelle til bruene på vei mot Vetti gard. All fotografering vil foregå på denne veistrekningen. Lovgivningen sier at vi kun har lov til å fly 150 meter fra der dronepiloten står, og det er for oss det som skjer på vei som er interessant. Vi vil derfor ikke gå utover 50 meter fra veien på hver side, siden vi erfaringsmessig vet at dette i de fleste tilfeller holder for denne typen opptak.

**Øvrige vilkår:**

Søker har et selvpålagt ansvar for at ikke dyreliv eller annet blir forstyrret på noen som helst måte under arbeidet. Vi plikter å ta hensyn til dyreliv og annen ferdsel i fjellet.»

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

### Verneformål – forskrift

#### Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. §3 pkt. 7.3 med ordlyd: “ Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l. ”

Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48. ”

### Naturmangfaldlova


Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, og kap. 8.14. gjev følgjande føringar for slike mindre farkostar: «At framlegget til nye forskrifter inneheld forbod mot unødvendig støy (m.a. motordrive modellfly og modellbåt) er viktig fordi naturen sine egne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk si natur- og friluftslivoppleving.»

Forvaltningsplanen deler inn verneområdet i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å bevare områda markert med grønt på forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Soneinndelinga gjeld både i høve til tekniske inngrep og ulike aktivitetar, som bruk av dronar.

Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen, med grønne teigar som skjerma:



Tiltaket er planlagt innan brukssone, teig 11. Her er det opna for ein viss aktivitet og marknadsføring, så lenge ein tek omsyn til sårbare artar og andre verneverdiar.

## Presedens

Dei siste åra er det behandla svært mange dronesøknader i Jotunheimen/Utladalen, og fleire er innvilga – med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. Fleire søknadar om bruk av drone i sårbare område har fått avslag. Det er i tidlegare saker behandla av styret / arbeidsutvalet opna for avgrensa bruk av drone for filming/fotografering med formål felles marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet, i regi av reiselivsselskapa. Det er i desse sakene vektlagt om dei aktuelle områda toler marknadsføring, og det er sett tydeleg skilje mellom dei skjerma/sårbare grønne sonene og dei meir robuste områda vist med gult i forvaltningsplanen.

## Vurdering

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Men vilt kan bli forstyrra eller skremt, og der er særleg viktig å ta omsyn til rovfuglreir i heile hekkesesongen. I tillegg vil filmopptak kunne gje indirekte effektar som å promotere sårbare område overfor nye brukarar som kan gje negativ effekt ved at sårbare artar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. Folkevegen er allereie svært mykje brukt, og folk som ferdast etter vegen vil i liten grad uroe fuglelivet. Fjellsidene er så bratte at ferdsla i liten grad vil gå utanom den opparbeidde vegen og dei få stigane som finst.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen i verneforskrifta, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Folkevegen er eit mykje brukt utfartsområde, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i dei mindre trafikkerte områda lenger inne i nasjonalparken. Det er likevel svært viktig å vise respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand.

Saka er vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova §§8-12: Det kan vera rovfuglhekking år om anna i Utladalen, men ornitolog har på vegne av nasjonalparkstyret gjennomført registreringar i området i juni, og han er ganske sikker på at det

ikkje er hekking i Heimre Utladalen i år (kunnskapsgrunnlaget, § 8). Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) blir det likevel sett vilkår om å ta ned dronen ved eventuell observasjon av rovfugl. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) har ein lagt vekt på å ha ein tydeleg dispensasjonspraksis som skil mellom sårbare og mindre sårbare område. Bruken av dronar for filming i verneområdet må avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Nml § 11 om miljøforringing blir ikkje vurdert som relevant her. Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades, jf. § 12 om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*».

### **Konklusjon**

Nylege ornitologiske undersøkingar viser at det neppe er rovfuglhekking i Heimre Utadalen i år. Filminga vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Tiltaket er knytt til reiselivslag i regionen og kan gje god marknadsføring av eit unikt område med dramatisk Vestlandsnatur med fossar og djupe gjel. Det er frå nasjonale styresmakter gjeve føringar om bruk av nasjonalparkane for auka verdiskaping i område som toler bruk, og tiltaket synest å vera i tråd med desse føringane.